

## **SAK 13-16 REVIDERING STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL 2017 – 2020**

### **Saksopplysing**

Vedlagt fyrste utkast revidering Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020 som er eit arbeidsutkast for vidare drøfting i Hallingtinget. Utkastet syner oppbygging, litt tal og trendar og utkast satsingsområde. På Hallingtinget er det planlagt ein sekvens med generelle drøftingar i plenum, ein sekvens på konkrete satsingsområde i grupper (vidareføring av drøfting Hardanger, sjå side 17 i utkast), før ei oppsummerande felles drøfting.

Ål 19.10.2016

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg 1: Strategisk plan for Hallingdal 2017 – 2020, 1. utkast

STRATEGISK PLAN FOR  
**HALLINGDAL**  
2017 - 2020  
1.UTKAST



HALLINGDAL

## **Innholdsfortegnelse**

1.	INNLEIING .....	2
1.1	Kort om bakgrunn, gjeldande plan.....	2
1.2	Oppbygging av planen.....	3
2.	GENERELL DEL.....	3
2.1	Kort om regionen .....	3
2.2	Regionalt utgangspunkt.....	3
	<b>Overordna nasjonale føringer .....</b>	<b>4</b>
3.	TAL, TRENDAR OG UTVIKLING .....	5
3.1	Innleiing .....	5
3.2	Folkestalsutvikling, alderssamansetjing, flyttemønster .....	5
3.3	Pendling.....	7
3.4	Utdanning .....	9
3.5	Næringsutvikling og næringsdynamikk .....	10
3.6	Lønnsemd .....	14
3.7	Regionstruktur.....	14
	Her kjem det tekst.....	14
4	KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL .....	14
4.1	Generelt.....	14
4.2	Konkurransefortrinn for Hallingdal .....	14
4.3	Hovudutfordringar for Hallingdal .....	15
5	FORHOLD TIL ANDRE PLANAR.....	16
6	STRATEGIAR FOR Å LYKKAST MED UTFORDRINGANE .....	16
7	MÅL OG SATSINGSOMRÅDE .....	16
7.1	Hovudmål .....	16
7.2	Satsingsområde .....	16




# 1. INNLEIING

## 1.1 Kort om bakgrunn, gjeldande plan

Utgangspunktet for ein strategisk plan for Hallingdal er m.a.:

- I vedtekten til Regionrådet for Hallingdal § 8 står det at det skal utarbeidast plan med ein langsiktig mål- og strategidel og eit handlingsprogram
- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde, er det nødvendig med eit langsiktig og strategisk dokument.
- Regionrådet for Hallingdal og Buskerud fylkeskommune har ei eigen partnarskapsavtale. Formålet er at denne avtale skal vera med å utvikle regionen i eit bærekraftig perspektiv med utgangspunkt i regional delplan sine målsettingar. Avtala forpliktar til og følgje opp prioriterte samarbeidsområde gjennom årlege gjennomføringsavtaler, konkrete tiltak/prosjekt samt finansiering av desse.



I tillegg kan det vera argument som:

- Dersom det regionale samarbeidet skal drivast planmessig og ut frå nokre prioriterte arbeidsområde er det nødvendig med eit meir langsiktig og strategisk dokument, eit felles fundament.
- Ein strategisk plan kan gje grunnlag for betre utnytting av ressursar.
- Eit plandokument kan vere med å ta vare på og utvikle næringslivet.
- Eit planarbeid kan gje ansvars- og rolleavklaringar, kan utløyse økonomiske verkemiddel og skape engasjement og forståing for regionalt samarbeid.

Strategisk plan for Hallingdal skal vera ein overordna regional plan. I omgrepstet strategisk ligg det at planen skal vera målretta og omfatte nokre utvalte innsatsområde.

Planen skal ta for seg sentrale utfordringar som regionen står overfor. Planen skal i fyrste rekke innehalde tiltak som har noko å seie for regionen og som må løysast regionalt, eller i samarbeid med kommunane, fylkeskommune, næringsliv eller andre instansar.

Regionrådet for Hallingdal sin fyrste strategiske plan vart vedtek av kommunane i slutten av 1997 og galdt for perioden 1998 – 2001. I sak 12/12 vedtok Hallingtinget sist vedteken Strategisk plan for Hallingdal, for perioden 2013 – 2016 .

Hovudmål i gjeldande plan er at:

*"Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstiling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, "innad som utad."*

Med bakgrunn Strategisk plan blir det utarbeida årlege handlingsprogram. Planen sin strategiske del har i hovudsak ligge fast for perioden



## 1.2 Oppbygging av planen

Planen blir sett saman av to delar: strategisk del med definerte innsatsområde og mål og eit handlingsprogram som blir laga på bakgrunn av vidare handsaming i Hallingtinget.

Den strategiske del av planen beskriv ståstadene for Hallingdal. Det blir gjeve ei vurdering av dagens situasjon med sterke sider, som me bør ta vare på og utvikle vidare og svakheiter som me eventuelt må kompensere for. I tillegg er det sagt noko om mål/ambisjonar og til slutt dei strategiar eller vegval som er foreslått frå dagens situasjon til målet.

Planen sin strategiske del ligg i hovudsak fast for perioden 2017 – 2020, medan handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

## 2. GENERELL DEL

### 2.1 Kort om regionen

Hallingdalsregionen er ein av regionane i Buskerud fylke. Kommunane Flå, Nes, Gol, Hemsedal, Ål, og Hol utgjer regionen. I 1837 var det tre kommunar i regionen, Nes, Gol og Ål. I perioden fram til 1905 vart Hol skilt ut frå Ål, Hemsedal frå Gol og Flå frå Nes. Dagali, som tidlegare høyrde til Uvdal, vart i 1944 ført over til Hol.

Regionen høyrer til dal- og fjellområda på Austlandet, med eit samla areal på 5840 km<sup>2</sup>. Om lag 70 % av arealet ligg meir enn 900 m.o.h., 26 % 1200 m og høgare, og berre om lag 10 % ligg lågare enn 600 m.o.h. Vel 19 % er produktiv skog, 2 % er jordbruksareal, resten er fjell og fjellvidder og 363 km<sup>2</sup> vatn.

Bergensbanen og Rv.7 går gjennom hovuddalføret. Frå Gol går Rv 52 gjennom Hemsedal til Sogn. Rv. 50 går frå Hol til Aurland. Frå Gol går Rv.51 til Valdres og Rv.40 går frå Geilo til Numedal.

KOMMUNE	FOLKETAL 30.6.2016	AREAL KM <sup>2</sup>
Flå	1081	705
Nes	3405	810
Gol	4610	533
Hemsedal	2449	753
Ål	4726	1 172
Hol	4531	1 867
<b>Sum</b>	<b>20802</b>	<b>5 840</b>



### 2.2 Regionalt utgangspunkt

Ein del bakgrunnsstoff for arbeidet.

- [Strategisk plan for Hallingdal 2013 – 2016](#)
- [Byregionprogrammet](#) vil vera eit arbeid som skal prioriterast dei nærmaste åra og vil vera ein del av satsinga i revidert strategisk plan.
- Samfunnsnanlysa som Menon gjorde i samband med Byregionprogrammet kan og vera verdt å ta ein kikk på, den ligg [her](#).

Fylkeskommunen skal minst éin gong i kvar valperiode utarbeide ein [regional planstrategi](#) i samarbeid med kommunar, statlige organ, organisasjonar og institusjonar, syner og til



sak 11-16. Planstrategien skal gjere greie for viktige regionale utviklingstrekk og utfordringar, vurdere langsigktige og mulege utviklingretningar og utviklingsmål for fylket.

I Regional planstrategi for Buskerud 2013-2016 er det vedteke utarbeiding av følgjande nye regional planer:

- [Regional plan for kunnskapssamfunnet](#)
- [Regional plan for næringsutvikling og verdiskaping 2015 - 2020](#)
- [Regional areal- og transportstrategi](#)
- [Regional plan for kulturminnevern](#)

## Overordna nasjonale føringar

For å fremme berekraftig utvikling, skal regjeringa kvar fjerde år utarbeide [nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging](#). Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommune og kommune legg særleg vekt på i planlegginga i åra framover.

I dokumentet for 2015 har regjeringa vektlagt tre hovudområde:

1. **Gode og effektive planprosessar:**
2. **Berekraftig areal- og samfunnsutvikling:**
3. **Attraktive og klimavennlege by- og tettstادområde:**



### 3. TAL, TRENDAR OG UTVIKLING

#### 3.1 Innleiing

Tal og statistikk gir eit innblikk av nå-situasjonen. Saman med hovudtrendar i samfunnsutviklinga kan dette vere med å gje tankar om vegval for framtida.

#### 3.2 Folkestalsutvikling, alderssamsetjing, flyttemønster

Hallingdal har gjennom fleire år hatt ei viss befolkningsauke og folketalet i Hallingdal har aldri vore høgare. Samstundes er det viktig å sjå på alderssamsetning og utvikling over tid.

Som ein ser er det Hemsedal som har den verkeleg store befolkningsveksten i Hallingdal og som vil ha det dei komande åra. Grovt sett har Flå og Gol ei positiv utvikling, Ål og Hol er status quo, medan Nes har ei negativ utvikling.





Fig. 1 .....

Kommune	Endring 2005 - 2016	Endring ved framskriving 2040 (MMMM)	Folketal 2040 framskrive
Flå	60	187	1261
Nes	-63	-137	3285
Gol	203	244	4822
Hemsedal	513	1167	3589
Ål	41	125	4836
Hol	-60	118	4615
<b>Hallingdal</b>	<b>694</b>	<b>1704</b>	<b>22408</b>

Fig 2 .....





Kjenneteikna for befolkningsutviklinga i Hallingdal er stabil eller ein svak oppgang. Befolkningsauke på 868 i perioden 2004 – 2016 (2.kvartal). Samanlikna med tilsvarende fjellregionar har Hallingdal hatt ei positiv utvikling.



Figur : Folketalsutvikling i nokre fjellregionar i Norge, 2002 - 2016

Ser ein på samanhengane mellom fødselsoverskot, innvandring/utvandring og innflytting/utflytting er det som for dei fleste andre regionar i Norge, innvandring som sørger for ei positiv befolkningsutvikling.





Utviklingspotensialet i ein region kan i mange tilfelle vera meir påverka av alderssamansetning enn av befolkningssauke. For Hallingdal har det i perioden 1986 – 2016 vore ein nedgang i aldersgruppa 0-49 år, frå 65,7% til 59,2% (landssnittet i 2016, 65,3%). Dette er ikkje ei spesiell utvikling for Hallingdal som distriktsregion, men det er ei utvikling som må takast på alvor. Fleirtalet av distriktsregionane har høgt fødselsunderskot, også i nasjonal samanheng. Årsakene til dette er alders- og kjønnssamansetning som gjev låg naturleg vekstkrav. Flytterekneskapet for desse regionane er negativt. Dette saman med fødselsunderskot fører ein svak befolkningsdynamikk. Dette gjer at det mønsteret me ser i dag vil halde fram i dei komande åra. Det er viktig å understreke at i denne samanheng har ikkje Hallingdal alle dei trekka som er typiske for ein distriktsregion. Spørsmålet i denne samanheng vil vera kva Hallingdal som region kan gjera for å forsterke dei positive trekka og redusere dei negative.


### 3.3 Pendling

Pendling kan sjåast på som ei tilpassing til arbeidsmarknaden og er eit alternativ til flytting eller arbeidsløyse. I tillegg er det stadig fleire som vel å pendle fordi dei ynskjer å bu i eit bestemt område pga. prioriterte bukvalitetar, samstundes som ein ikkje finn arbeid som samsvarer med eigne jobbkrav i buregionen. Figur under (her kjem nye tal) syner noko av dette biletet.



## Nettopendling Hallindal - interaksjon med andre områder

KILDE: SSB/PANDA/BFK



Det syner seg at distriktsregionar ofte har ein låg del som pendlar ut, dette gjeld også Hallingdal, der det er ca. xx% utpendling.

På same måten har distriktsregionar låg innpendling, Hallingdal ca. x%.

Ein av konklusjonane er at mange distriktsregionar i relativt liten grad er integrert i andre regionar. Dette vil med andre ord seie at desse regionane i stor grad må støle på eigne krefter i forhold til å få til utvikling (kan ikkje satse på busettingsbasert næringsutvikling). Hallingdal hadde i 2011 eigendekning i forhold til arbeidsplassar på 95,6 prosent.

### Tal 2015

Sysselsette<sup>1</sup> personar busett i Hallingdal:

Personar som pendlar inn i regionen:

Personer som pendlar ut av regionen:

Sysselsette personar med arbeidsstad i regionen:

Eigendekningsdel:



Sysselsatte som arbeidar i Hallingdal:

Pendling mellom kommunane

<sup>1</sup> Sysselsette er personar i alderen 15-74 år som utførte inntektsgjevane arbeid av minst ein times varighet i referanseveka




### 3.4 Utdanning



### 3.5 Næringsutvikling og næringsdynamikk

Arbeidsplassane og yrkesbefolkinga i ein region er hovudfundamentet for å sikre framtidig busetting, og for å skape verdiar som gir inntekter for kommunane. I ein slik samanheng er det derfor viktig å vurdere følgjande spørsmål:

- Korleis har talet på arbeidsplassar i Hallingdal utvikla seg?
- Korleis er nettopendlinga, dvs arbeidsplassar minus yrkesaktive busett i Hallingdal.
- Kor stor del utgjer arbeidsplassane i kommunal sektor samanlikna med samla tal på arbeidsplassar?
- Korleis er næringsstrukturen, korleis har den endra seg? Er den sårbar i forhold til framtidig utvikling?










Fig 4: Arbeidsplassindeks 2001 – 2015







Region/Kommune	Andel sysselsatte etter sektor. Prosent				Antall sysselsatte etter sektor			
	Stat	Fylke	Kommune	Privat	Stat	Fylke	Kommune	Privat
Kongsberg-region	5,79	1,95	17,83	74,44	1 089	366	3 352	13 997
Hallingdal	3,67	1,30	26,57	68,46	384	136	2 777	7 156
Midt-Gudbrandsdal	2,06	2,25	28,34	67,36	118	129	1 627	3 868
Valdres	3,47	1,90	28,23	66,40	304	166	2 471	5 813
Gjøvik-region	11,15	2,14	21,87	64,84	3 664	702	7 185	21 306
Hamar-region	12,28	2,42	21,27	64,03	5 247	1 034	9 089	27 364
Rjukan-region	3,03	1,96	31,23	63,79	82	53	846	1 728
Nord-Gudbrandsdal	5,02	1,90	29,51	63,57	435	165	2 557	5 509
Kongsvinger-region	10,62	2,38	24,67	62,33	2 163	485	5 024	12 692
Vest-Telemark	2,92	1,35	33,69	62,04	192	89	2 215	4 079
Tynset-region	6,98	2,70	28,52	61,79	491	190	2 005	4 344
Notodden/Bø	11,10	1,87	26,68	60,36	1 123	189	2 700	6 108
Sør-Gudbrandsdal	17,52	3,65	18,99	59,84	3 636	757	3 940	12 418
Elverum-region	18,23	2,49	24,61	54,66	2 924	400	3 946	8 766

Kilde: Statistisk sentralbyrå <><> Bearbeiding: KommuneProfilen



Region/Kommune	År	Antall sysselsatte etter sektor				Andel sysselsatte etter sektor. Prosent			
		Stat	Fylke	Kommune	Privat	Stat.	Fylke.	Kommune.	Privat.
Hallingdal	2000	410	274	2 298	7 215	4,02	2,69	22,54	70,76
Hallingdal	2001	392	284	2 308	7 252	3,83	2,77	22,55	70,85
Hallingdal	2002	462	145	2 203	7 296	4,57	1,43	21,80	72,19
Hallingdal	2003	423	161	2 327	7 145	4,21	1,60	23,14	71,05
Hallingdal	2004	457	155	2 267	7 303	4,49	1,52	22,26	71,72
Hallingdal	2005	376	166	2 230	7 614	3,62	1,60	21,47	73,31
Hallingdal	2006	373	161	2 298	7 745	3,53	1,52	21,73	73,22
Hallingdal	2007	363	166	2 382	7 983	3,33	1,52	21,87	73,28
Hallingdal	2008	361	160	2 485	7 878	3,32	1,47	22,83	72,38
Hallingdal	2009	331	159	2 530	7 599	3,12	1,50	23,83	71,56
Hallingdal	2010	365	166	2 603	7 538	3,42	1,56	24,39	70,63
Hallingdal	2011	343	129	2 741	7 403	3,23	1,22	25,82	69,73
Hallingdal	2012	368	157	2 755	7 330	3,47	1,48	25,97	69,09
Hallingdal	2013	378	158	2 785	7 284	3,56	1,49	26,26	68,68
Hallingdal	2014	377	143	2 776	7 295	3,56	1,35	26,21	68,88
Hallingdal	2015	384	136	2 777	7 156	3,67	1,30	26,57	68,46

Kilde: Statistisk sentralbyrå - SSB <><> Bearbeiding: KommuneProfilen

Hovudkonklusjonane for Hallingdal er:

- Svak nedgang av arbeidsplassar
- Sterk nedgang av sysselsette innan jord- og skogbruk; 2008 - 595, 2011 – 507, 2015 - 457
- Svak nedgang innan industri; 2008 - 828, 2011 – 754, 2015 - 695
- Svak oppgang innan overnatting-og serveringsverksemd; 2008 - 970, 2011- 860, 2015 - 930
- Auke innan undervisning og helse-og sosialtenester; 2008 - 2537, 2011 – 2723, 2015 - Denne utviklinga gjev ein nedgang av arbeidsplassar i privat næringsliv og ein auke innan offentleg sektor. I denne samanheng er det grunn til å peike på at Hallingdal har ein relativt stor del arbeidsplassar i privat næringsliv. I 2015 hadde Hallingdal 68% sysselsette i privat næringsliv. Av landets 82 økonomiske regionar låg her Hallingdal på niande-plass.

Arbeidsløysa i Hallingdal er og har vore låg både reelt og i forhold til resten av fylket. I Hallingdal har arbeidsløysa dei siste åra variert mellom 1- 2 %.

### 3.6 Lønnsemد

Her kjem det nye tal

### 3.7 Regionstruktur

Her kjem det tekst

## 4 KONKURRANSEFORTRINN OG UTFORDRINGAR FOR HALLINGDAL

### 4.1 Generelt

### 4.2 Konkurransefortrinn for Hallingdal

Konkurransefortrinn er t.d:

- Hallingidentitet – hallingkultur
- Geografisk plassering
- Entreprenørskap
- Ein arbeids-, bu-og serviceregion
- Gode bu-og oppvekstvilkår
- Stabil arbeidskraft?



- Klima
- Levande bygder
- Kort avstand til Osloområdet/ Vestlandet, sentralt i Sør-Norge
- Hovudferdselsårer aust-vest
- Godt regionalt samarbeid
- Attraktive hytteområde
- Attraktiv natur

Fordi folk er forskjellige og har ulike preferansar for bukvalitet og karriere, har ein liten region som Hallingdal med eigenskapar som skil seg ut, mogelegheiter for å differensiere seg frå konkurrerande regionar. Hallingdal har moglegheit til å spesialisere seg rundt næringer og kompetanseområde, der regionen spesielle eigenskapar står sentralt.

### 4.3 Hovudutfordringar for Hallingdal

I samfunnet er det auka konkurranse mellom regionar og byar for å tiltrekke seg og behalde fagfolk (kunnskapsarbeidarar). Globalisering fører til hardare lokaliseringskonkurranse mellom land og regionar. I denne samanhengen er det ofte dei som har sterke fagmiljø som vinn konkurransen. For å nå fram i ein slik konkurranse situasjon må regionar dyrke det unike og det som gjer at dei når fram i konkurransen frå andre regionar. Det er ikkje berre ein nasjonal konkurranse, men marknadane og konkurransen blir stadig meir internasjonal.

Samfunnsutviklinga i Norge og andre utvikla økonomiar er prega av fleire tunge trendar som kan oppsummerast slik:

- Urbanisering og sentralisering
- Internasjonal, nasjonal og regional lokaliseringskonkurranse
- Internasjonalisering og globalisering av marknadar og næringer
- Kunnskapsbasert og innovasjonsdriven næringsutvikling
- Individualisering og sjølvrealisering
- Digitalisering av produkt, tenester og kommunikasjonsformer

Urbanisering og sentralisering fører til at folk blir trekt mot store byar og at store institusjonar blir slått saman og blir samlokalisert. Internasjonalisering og globalisering fører til at marknadane blir større og rykker nærmare. Samtidig blir konkurransen hardare, ikkje berre i produktmarknadane, men også i konkurransen om å tiltrekke seg kompetanse, bedrifter og kapital. Sagt på ein annan måte leiar globalisering til stadig større lokaliseringskonkurranse.

I denne verkelegheita står Hallingdal overfor nokre utfordringar. Kvart år er det ein flyttestraum ut av Hallingdal, spesielt prega av unge menneske som flytter til byar som Oslo eller Bergen, for å studere. Dei fleste kjem ikkje attende. Dette kunne m.a. resultert i at Hallingdal hadde eit underskot på innbyggjarar i arbeidsdyktig alder, spesielt arbeidstakarar i 30- og 40-årsalderen, her reddar innvandring Hallingdal.

Yrkesaktive i forhold til arbeidsplassar kan og vera eit viktig parameter. Hallingdal hadde i 2000 eigendekning på 94,2 prosent, stigande til 95,6 prosent i 2011. Dette er positivt for Hallingdal som i liten grad kan basere seg på å vera ein bustadregion. Utfordringa for Hallingdal er her å skapa ein meir variert arbeidsmarknad, med nye type arbeidsplassar, som er attraktive og der bukvalitetane blir verdsatt.

Næringslivet i Hallingdal har lågare verdiskaping pr. tilsett, og lågare lønnsnivå, enn landsgjennomsnittet.



Utfordringar i forhold til befolkning, næringsliv og kompetanse heng nøyne saman, og ved å løyse ein av dei, blir føresetnadane for å løyse dei andre styrka.

## 5 FORHOLD TIL ANDRE PLANAR

## 6 STRATEGIAR FOR Å LYKKAST MED UTFORDRINGANE

## 7 MÅL OG SATSINGSOMRÅDE

### 7.1 Hovudmål

"Hallingdal skal vera ein region med aukande verdiskaping og vekst både i innbyggjartal og i talet på arbeidsplassar. Regionen skal oppretthalde god balanse i alder og kjønnsfordeling. I Hallingdal skal det leggjast til rette for omstiling, nyskaping og kreativitet gjennom samhandling ved at regionen står samla, "innad som utad."

### 7.2 Satsingsområde

I mange samanhengar og i mange fora blir det drøfta og etterlyst felles strategiar og felles handlingar, for at Hallingdal skal møte framtida på best mogeleg måte. Dette er og tema som har vore sentrale i Strategisk plan for Hallingdal, og som Regionrådet for Hallingdal har høgt på dagsorden direkte og indirekte. Eit viktig tema har vore avklaringar og ynskje om ei sterke og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dette blir sett på som grunnleggjande for det arbeidet Hallingdal sjølv må gjera, for utvikling av eigen region.

Strategisk plan for Hallingdal har m.a. som mål at kommunane i Hallingdal skal gjera kvarandre gode, med tiltak som m.a. går på vidareutvikle profilering/identitetsbygging.

Bakgrunnen for dette er m.a.:

- Felles bu- og arbeidsmarknadsregion
- Felles kultur/identitet
- Felles utfordringar
- Felles bodskap
- Kan tilby større variasjon, breidde
- Felles plan (Strategisk plan for Hallingdal)
- Meir slagkraftig
- Ei stadig sterke konkurransen på alle frontar
  - Kamp om arbeidskrafta
  - Kamp om arbeidsplassar
  - Kamp om innbyggjarane
- Ynskje om å vera tydelegare
- Ynskje om å byggje eit godt omdøme



## FOR VIDARE DRØFTING PÅ HALLINGTINGET 27-28.10.2016

**Utkast satsingsområde med bakgrunn i Hallingtinget si samling 30.5 – 31.5. 2016**

Hovudsatsing	Innsats-område	Tiltak
<b>Næringsutvikling</b>	Reiseliv Landbruk Kraft, energi Kultur	Kompetanse Strategiske samarbeidspartar Ungdom, yrkesval, grunderstøtte Vertskapsrollen Lokal handel Møteplassar Kampanjar Utvikle næringsklynger, veksthus
<b>Bukvalitet (bulyst/blilyst)</b>	Hallingdal 2020 <i>Styrke Hallingdal som ein attraktiv og bærekraftig bu- og arbeidsmarknadsregion.</i>	«Det gode liv i Hallingdal» Ungdom, yrkesval Bustad Kommunale tenester Vertskap Møteplassar Velferdsteknologi Integrering Helse (folkehelse?) Skuleskyss
<b>Kultur</b>	Hallingkultur	«På tvers av kommunegrenser»
<b>Vertskap</b>	Vertskap	
<b>Kommunikasjon</b>	Ringeriksbanen Rv7/Rv52 Breiband	Arbeide for realisering av viktige vegprosjekt inkl. Vegpakke Hallingdal, Rv.52 Gol – Robru og Rv7 Hardangervidda, aust - vest. Arbeide for at Rv7/Rv52 får ein nødvendig standardheving både i forhold til vedlikehald og trafikktryggleik. Utvikling av Bergensbanen og realisering av Ringeriksbanen.
<b>Byregionprogrammet</b> <i>«Det skal skapast ein utviklingsorientert og attraktiv region, gjennom å styrke eksisterande og utvikle nye type arbeidsplassar, som er lønsame og attraktive for yngre menneske med høgare utdanning og fagutdanning.»</i>	Funksjonell arbeidsdeling	1. Analyse/vurdering av kommunane og alle sentra i regionen med sikte på funksjonell fordeling og utvikling i ein fleirkjernestruktur med eller utan eit regionsenter. 2. Klargjera arbeidsdelinga mellom kommunane og den einskilde kommune si rolle i eit samspele som kan gjera regionen sterkare. 3. Avdekke og dra fordelar av det unike i kvar kommune. 4. Utvikle eit koordinert og meir slagkraftig næringsapparat.
	Vidareutvikling/ nye arbeidsplassar	Gjennom bevisst satsing på utvikling av utvalte næringar i kvar kommune skal: -Breidde i jobbtildelning -Etablering av arbeidsplassar innanfor næringar med høg verdiskapning -Vidare utvikling av ulike type veksthus og næringsklynger. -Samordne fagmiljø i kommunal sektor der det er føremålstenleg. -Synleggjering av arbeid til dei med fagbrev og høgare utdanning Målretta arbeid for etablering av statlege arbeidsplassar
	Tilby høgare relevant Utdanning	Det skal utviklast stabile høgskuletilbod i Hallingdal, innan relevante studieretningar, som er tilpassa næringslivet og kommunane sine behov.
	Utnytte ringverknadar ved bygging av Ringeriksbanen og E16	Ringeriksbanen og ny E16 Sandvika –Hønefoss skal ved bevisst satsing gje følgjande ringverknadar for Hallingdal: Fleire innbyggjarar Auka verdiskapning i næringslivet/reiselivet Attraktive arbeidsplassar for yngre menneske



## **Andre viktige oppgåver for Regionrådet**

- Drive aktiv påverknad for å sikre regionen sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål
- Initiera og delta i dialogar med potensielle samarbeidspartnarar
- Bidra til gode interkommunale løysingar for tenesteproduksjon

Ål 19.10.2016

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

